



## Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2

Fylkeshuset, Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Telefon: 57 65 61 00

Telefaks: 57 65 61 01

E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no

Hjemmeside: http://www.sfj.no

## Kulturmidler - søknad

### Søknadstype

Kulturmidler fordeles årlig som driftstilskudd til lag, kulturorganisasjoner og til ulike kulturaktiviteter.

#### Grunnstønad:

- kan søkes av organisasjoner og lag med kulturell aktivitet som hovedformål. Organisasjonene må dekke hele fylket eller en region (minst 3 kommuner).

#### Enkelttiltak/aktivitet(er)/prosjekt:

- kan søkes av alle som driver med kulturelle aktiviteter som har allmenn interesse, som har innvirkning på hele eller større deler av fylket, eller tiltak som viser nye veier i kulturarbeidet.

#### Kulturstipend:

- kan søkes innenfor alle deler av det kulturpolitiske arbeidsområdet. Stipendmidlene skal brukes til å gjennomføre spesielle kulturarbeidsoppgaver.

Hva slags kulturmidler søkeres det om?

- Grunnstønad  
 Enkelttiltak/aktivitet(er)/prosjekt  
 Kulturstipend

### Opplysninger om søker

Søker er

- Person, enkelpersonforetak  
 Organisasjon, lag eller forening

Org.nr. 979843518	Navn STIFTINGA DEN NORSKE BOKBYEN
----------------------	--------------------------------------

Adresse Mundal	Postnr. 6848	Poststed FJÆRLAND
-------------------	-----------------	----------------------

E-postadresse - kontaktperson post@bokbyen.no	Telefon 57 69 22 10
--	------------------------

Kontaktperson:

Kontaktperson - etternavn Supphellen	Kontaktperson - fornavn Marianne	Telefon 92213740
---	-------------------------------------	---------------------

Leder:

Leder - etternavn Supphellen	Leder - fornavn Marianne	Leder - telefon 92213740
---------------------------------	-----------------------------	-----------------------------

Mottaker av tilskuddet

Kontonummer 3781 15 59912
------------------------------

Er mottaker av tilskuddet den samme som søker?

- Ja  
 Nei

### Enkelttiltak/aktivitet(er)/prosjekt

Beskrivelse av tiltaket/prosjektet

Den norske bokbyen i Fjærland fyller 20 år i 2016 og dette ønskjer vi å markere. Bokbyen driv handel med bruktbøker, samt aktivitetar som står i tilknytning til det, og har i dag om lag 150.000 bøker fordelt på 10 ulike utsal. Bokbyen har utvikla seg til å bli ein viktig formidlar av litteratur, mellom anna gjennom dei mange arrangementa vi har kvart år, men også gjennom sjølve litteraturen vi har for sal, og opplevinga ein får når ein kjem til bokbyen.

I jubileumsåret vil vi ha mange tilstellingar. Fyrst ute er jubileumsseminaret 20.-22.mai, der det er meininga å setje bokbyen i ein nasjonal og regional samanheng og sjå på kva rolle bokbyen var tenkt å fylle, fyller og kan fylle i framtida. Deltakarar vil vere Fylkesdirektøren for kultur, forlag, bokhandlarar, kulturjournalistar, bokkjøparar, forfattarar, reiselivssjefen i Sogn og bokbyen i Tvedstrand. Det vil også foregå ein litterær, guida tur i bokbyen med programinnslag.

Vidare er det Boknatta som vert den største tilstellinga med eit stort jubileumsprogram frå 24.-26.juni. Boknatta har holdt på sidan 1997 og har som regel trekt mange besøkande langt utover fylkesgrensa. Det vil som vanleg vere ein stor bookmarknad med seljarar og kjøparar i alle aldre. I tillegg vil det vere eit rikt kulturprogram med litteratur og boka i sentrum. Det meste av programmet er gratis, det er eige program for barn og vi vil fortsette å ha høg fagleg kvalitet på utøvarane. Det vil bli debatt, ordskifte og underhaldning, der innhaldet vil vere både av lokal og nasjonal karakter. Boknatta vil gi høve til å få fram eit breitt spekter av kultur, heilt frå lokale innslag til nasjonalt kjende forfattarar og musikarar. I tilknytning til Boknatta skal det haldast ein jubileumskveld med inviterte gjester, som har vore med å etablere, utvikle og støtte Bokbyen.

I løpet av sommarsesongen, det vil seie, i opningstida til Bokbyen, skal her vere fleire arrangement. Nr 1: Felles jubileumsmarkering med Norsk Bremuseum sitt 25-års jubileum. Bokbyen vil syte for eit litteraturinnslag på kveldstid med Vestlandet i fokus. Open for alle.

Nr 2: Open dag i bokbyen

I år vil vi mellom anna samarbeide med 4H, som skal ha sin Fylkesleir i Fjærland. Ein del av programmet skal vere open dag i Bokbyen, der målet er å trekke familiar til Fjærland og Bokbyen. Boka vil stå i fokus og skal nyttast som kjelde til å gjennomføre ulike aktivitetar.

Nr 3: "Gløymde forfattarar" del I

I tråd med ideen til bokbyen om å bevare litteratur og gjere det meste tilgjengeleg for ålmenta, vil vi i jubileumsåret trekke fram i lyset nokre lokale forfattarar, som få kjenner i dag. Dette er forfattarar som i bøkene sine har mykje av kulturhistoria i området, som kan fortelle om ein tid som var og som det er verdt å lese som tillegg til dagens forfattarar. Rundt Olsok er her høgsesong for tilreisande i Bokbyen og eit slikt arrangement rundt den tida, vil kunne nå fram til mange.

Nr 4: "Gløymde forfattarar" del II

I samarbeid med Fjærland Sogelag ønskjer vi å presentere ein "gløymt forfattar" på ein av onsdagskaffiturane til Sogelaget, som er ein innarbeidd og populær familietur med kaffi i det fri om sommaren.

Sesongslutt

I midten av september er siste gongen vi markerar jubileumsåret medan bokbutikkane framleis er opne. Vi ønskjer å få til ein litteraturhending ved mellom anna å samle fleire av tidlegare sommarhjelparar, som har vorte forfattarar/ kulturarbeidarar av yrke. Det er også ønskjeleg å få til noko felles arrangement i samarbeid med Sogn Folkemuseum med tema frå Årbok for Sogn i 2016.

Barnebokbyen

I 2013 vart Barnebokbyen etablert, som eit resultat av forprosjektet, Leseland, som var støtta av Sogn næring. Målet er å spre leselyst og leseglede, samt få fleire til å kome til Bokbyen. Barnebokbyen trenger no eit skikkeleg løft, for å verkeleg kunne realiserast i tråd med konklusjonane til forprosjektet. Det er ønskje om å få på plass ei Lesehole, det vil seie, eit mini-litteraturhus i Bokbyen i løpet av ein periode på 2 år. Eit slik hus skal vere ein samlingsstad for barn, familiar, barnearrangement, bøker og relaterte produkt, som kan auke leselyst og derav læring. Vi ser det som særsviktig at denne gruppa inkluderast og vert stimulert til å bruke bøker og det skrivne ord som informasjonskjelder,

underhaldning, kreativ tenking, inspirasjon, diskusjon, og til å få fram ein bodskap. Generelt trur vi at det å sjå at bøker finst og få oppleve bøkene i den særskilte bokverda, som finst i Bokbyen, kan vere av stor verdi for dei. Barnebokbyen vil også vere synleg i jubileumsåret gjennom gode arrangement og aktivitetar for barn.

Våre samarbeidspartnarar i jubileumsåret er reiselivet i Fjærland og i regionen, forlag, lag og organisasjonar, og ein god dugnadsgjeng.

I jubileumsåret vil vi feire boka og oss sjølv, men vi vil også sette eit kritisk økelys på aktiviteten vår og boka sin plass i dagens samfunn. Vi har fått tildelt pengar frå Kulturrådet for 2016 til å drive med kulturarbeid, vi har også fått støtte frå Fritt Ord. For å klare målsettinga og gjennomføre jubileumsåret på ein interessant måte treng vi ytterlegare økonomisk støtte og vonar Fylkeskommunen vil bidra med noko.

### Kostnader

Spesifikasjon av kostnader Jubileumsseminar	kr 75 000
Spesifikasjon av kostnader Barnebokbyen	kr 200 000
Spesifikasjon av kostnader Boknatta og Jubileumskveld	kr 250 000
Spesifikasjon av kostnader Sommararrangement og sesongslutt	kr 75 000
Spesifikasjon av kostnader Administrasjon (100t á 500kr)	kr 50 000
	Kostnader sum 650 000

### Finansieringsplan

Finansiering	Kr
Egne midler	Egne midler 185 000
Kommunalt tilskudd	Kommunalt tilskudd
Statstilskudd	Statstilskudd 120 000
Fylkeskommunalt tilskudd	Fylkeskommunalt tilskudd 200 000
Andre tilskudd Fritt Ord	Andre tilskudd 75 000
Andre tilskudd Inngangspenger/ deltakeravg.	Andre tilskudd 70 000
Sum inntekter:	Beløp 650 000
Søknadssum *	Søknadssum 200 000

### Vedleggsoversikt - Enkeltaktiviteter

Vedlegg som skal følge søknaden

Budsjett og finansieringsplan for tiltaket

### Vedlegg

Beskriv Budsjett/ finansieringsplan for jubileumsåret	Last opp vedlegg Budsjett jubileumsåret 2016.pdf	Ettersendes per post
--	--	----------------------